



FJALER KOMMUNE
Kontor for landbruk miljø og kommunalteknikk

Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007, Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	2006/00143 - 77
Møntid:	09 MAI 2006 MP/SDP
Saksnr:	MBB 713
Ansvarlig:	

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
06/319-3/K2-V5//KDH
06/2779

Dykkar ref.

Dato:
08.05.06

Høring av forslag til endring av lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell

FOR-059/06 VEDTAK:

Formannskapet ser det som viktig i samband med ei slik omlegging at staten overfører tilstrekkeleg med midlar til å oppretthalde ei tilfredsstillande dyrehelseteneste og ei tilfredsstillande klinisk veterinæravt. Slike midlar bør øyremerkast for formålet.

Vidare er det viktig at vi får ei presisering av kva som ligg i tilfredsstillande dyrehelseteneste. Krav til maksimum tal timar før veterinær er på plass er døme på ei slik presisering.

Med helsing


Knut David Hustveit
jordbrukssjef

Direkte tlf: 57 73 80 44

Vedlegg: Samla saksframstilling



Høyring av forslag til endring av lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.
Formannskapet

Møtedato
02.05.06

Saksnr
059/06

Saksansvarleg
KDH

Arkivsaknr	Sakshandsamar	Arkiv
2006000319	Knut David Hustveit	K2-V5

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet ser det som viktig i samband med ei slik omlegging at staten overfører tilstrekkeleg med midlar til å oppretthalde ei tilfredsstillande dyrehelseteneste og ei tilfredsstillande klinisk veterinærvakt. Slike midlar bør øyremerkast for formålet.

Vidare er det viktig at vi får ei presisering av kva som ligg i tilfredsstillande dyrehelseteneste. Krav til maksimum tal timar før veterinær er på plass er døme på ei slik presisering.

.....

02.05.06 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR-059/06 VEDTAK:

Formannskapet ser det som viktig i samband med ei slik omlegging at staten overfører tilstrekkeleg med midlar til å oppretthalde ei tilfredsstillande dyrehelseteneste og ei tilfredsstillande klinisk veterinærvakt. Slike midlar bør øyremerkast for formålet.

Vidare er det viktig at vi får ei presisering av kva som ligg i tilfredsstillande dyrehelseteneste. Krav til maksimum tal timar før veterinær er på plass er døme på ei slik presisering.

SAKSDOKUMENT:

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	06.04.06	Landbruks- og matdepartement	Høyring om endring av lov 15.juni 2001 nr. 75

SAKSUTGREIING:

Landbruks- og matdepartementet har utarbeidd framlegg til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell. Lova må endrast fordi det er planar om å etablere eit kommunalt ansvar for å sørge for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell. Samtidig vert det lagt opp til at kommunane får ansvar for klinisk veterinæravakt. Det er staten som har dette ansvaret i dag.

Jordbrukssjefen har i kontaktmøte med dei lokale organisasjonane i landbruket fått inn nokre synspunkt på desse endringane. Desse er som følgjer:

- Midlane som staten skal overføre til kommunane som følgje av denne endringa må øyremerkast til føremålet.
- Det må setjast nærare spesifiserte krav til kva som ligg i tilfredsstillande dyrehelseteneste. Mellom anna må det setjast krav til kor mange timar det skal gå før veterinær er på plass.

Elles gjev faglaga uttrykk for at dei ynskjer å vere med når kommunen skal fastsetje avtalen med veterinær.

VURDERING:

Nedgangen i dyretalet har vore med å redusert oppgåvene for veterinærane. Dette er med å svekker grunnlaget for ei tilfredsstillande dyrehelseteneste. Det er difor viktig at vi får etablert nye ordningar som er med å held oppe den gode tenesta vi har hatt.

Det er jordbrukssjefen sitt syn at dei signal som kjem fram frå organisasjonane kan vere med å stimulere til gode ordningar.